

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsvar - Vurdering av konsesjonsplikt for Årøy 1 kraftverk i Årøyvassdraget

Bakgrunn

Sognekraft Produksjon AS planlegg å rehabilitere og utvide Årøy 1 kraftverk i Årøyvassdraget og ber om konsesjonsavklaring. Tiltaket inneber å oppgradere inntak og dam, byte ut nedre del av røyrkata og bygge ny kraftstasjon. Slukeevna vert oppgjeven å auke frå 3,5 m³/s til 9,0 m³/s, installert effekt frå 3,7 MW til 9,9 MW og gjennomsnittleg årsproduksjon frå 28 GWh til 40 GWh.

NVE ber om tilbakemelding på om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket, samt informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget.

Planstatus

Området er ikkje regulert, arealføremål er LNRF i gjeldande kommuneplan for perioden 2013-2023 (<https://www.arealplaner.no/4640/arealplaner/368>). Planforslag for perioden 2023–2033 finn de her: <https://www.arealplaner.no/4640/arealplaner/392>. Ta kontakt om det er behov for planfaglege vurderingar.

Friluftsinteresser

Området er mykje brukt til friluftsliv og har fleire kartlagde og verdsette områder og turveg. Desse er tilgjengelege i kartlaget «kartlagde og verdsatte friluftslivsområder» i miljødirektoratet si kartteneste naturbase kart. Eit utdrag av desse finn de under:

Områdenamn	-type	-beskriving	-verdi	ID
Kongevegen Årøy – Okleviki	særleg kvalitetsområde	turveg	svært viktig	FK00032380
Årøyelvi	strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag	elvestrekning	viktig	FK00032379
Ølnesstølen – Dvergadalstølen – Kvamsnystølen – Vetlehovden – Englandshovden	marka	turområde	viktig	FK00032370

Vassmiljø og naturmangfald

Me syner til høyringssvaret frå Vestland fylkeskommune når det gjeld vassførekomstane Årøyelvi anadrom (077-112-R) og Årøyelvi øvre (077-113-R). Sjølv om vassdraga er

definera som sterkt modifiserte (SMVF), med høvesvis moderat og svært dårleg økologisk potensiale, bør miljøforbetrande tiltak vurderast i samband med det planlagde tiltaket.

Me kan ikkje sjå at verknaden tiltaket kan ha på vassførekomstane Barsnesfjorden (0280021303-C), Sogndalsfjorden (0280021301-C) og Sognefjorden (0280020100-1-C) etter naturmangfaldslova § 7 og miljømåla i vassforskrifta er vurderte.

Forureina grunn

Me er ikkje kjend med at det finst forureina grunn i området.

Med helsing
Sogndal kommune

Karl-Kristian Muggerud
miljørådgjevar

Brevet er elektronisk og er utan underskrift.

Kopi til:

Vedlegg: